



**Mange frå vår trakt emigrerte til Story County i Iowa og mange der vender attende for å finna røtene sine . Denne veka er ei gruppe på 9 som tilhøyrrer Myklebustslekta på visitt i Uskedalen og har hektiske og spennande dagar. Nokon bur på Solheim og nokon hos Inger Elise Helgeland i Halsabrotet. 8 av dei bur innanfor ein sektor på 10 miles i Story County medan ein har flytta deifrå til La Crosse-området i Wisconsin. Der har ho jobba i Norskedalen.**

Alle 9 er tremenningar med Inger Elise og 4 er kusinar. Mora hennes hadde 2 tanter og 3 onklar i USA. I gruppa som no vitjar Uskedalen er det imidlertid ikkje berre norsk blod, men også irsk, sveitsisk og tysk, På programmet i dag har det mellom anna stått besøk i Baroniet og tur rundt Folgefonnhalvøya.

På biletet over som vart teke ikveld står frå venstre Don og Judy Fausch som bur i Huxley, Chuck og Barb Fausch som også bur i Huxley, Nancy Fausch gjer det same. Så kjem Julie Huxford frå Ankeny, Carolyn og Stan Kirchhoff som bur i Newton og Inga Eness Gerber frå Ontario i Wisconsin. Lengst til høgre vertinna - Inger Elise Helgeland.

'Stam-mora' heitte Marta Myklebust og emigrerte i 1902.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen